



Kultur og Næring

Tirsdag 27.januar 2025

Kl 15:30

Belyse drift og erfaringer med de nye kunstgressbanene



Kiwibanen



Tryggleik, Trivsel, Tilhøyring



www.fbkvoss.no

www.vosscup.no

Til kommunestyremedlemar i Voss herad

Sak28/23-23/4531 Heving av kunstgrasbanar i Prestegardsmoen

Spørsmålet om materiale som innfyll på kunstgrasbanane

I sak vedkomande heving av Kiwibanen og Olabanen i Prestegardsmoen sentralidrettsanlegg vil FBK Voss/Voss Fotball AS som brukar og eigar av anlegget koma med fylgjande innspel når det gjeld spørsmålet om materiale som innfyll på banane:

- Sportsleg sett er FBK Voss klare på at det er granulat som er det klart beste materialet som innfyll på banane. Dette både med omsyn til bruk og skadeførebygging.
- Alternativ bruk av «cota» grus (Bioflex), som er grus innpakka i eit tynt gummilag, er etter det vi forstår frå andre brukarar eit dårlegare alternativ sportsleg sett då dette kan gje stygge sårskader på spelarane når gummibelegget blir slite av. Det er vidare uklart kva haldbarheit dette vil ha over tid ettersom banar med dette innhaldet kun er nytta over ein periode på eit par år. Dette materialet er vidare både hardt og glatt å spela på ved kuldegrader, og er nær ubrukeleg om vinteren utan undervarme og omfattande bruk av salting. I tillegg vil dette gje ein meirkostnad på om lag kr 1 mill pr bane, som Voss herad må kosta.
- Ved bruk av granulat vil klubben bruka ressursar på å forhindra spreing av denne utanfor bana ved å installera fysiske tiltak for å «lukka» banen samt til å skapa gode haldningar hjå brukarane til børsting av sko og utstyr før dei går av banen. Dette også i tråd med gjeldande miljøforskrifter.
- FBK Voss/Voss Fotball AS kan imidlertid vera innstilt på at Bioflex kan nyttast på Kiwibanen, som er mest utsatt for flaum og som ikkje vil bli brøyt eller brukt om vinteren. Dette då med den konsekvens at det blir lagt ein lukka bane med granulat på den mindre flaumutsette Olabanen. Dette vil sikra kontinuitet i den sportslege satsinga til klubben, både i topp og breidde.

FBK Voss er takksame for at Voss herad vil bidra med å heva banane og med det gjer aktiviteten vår meir føreseleg, men ber om at klubben får ha ei røyst i ei så viktig sak.

Med sportsleg helsing

Styret i FBK Voss/Voss Fotball AS

Fotballklubben Voss
Org.nr 983 078 532
Postboks 60
5701 Voss
Mail: kontor@fbkvoss.no
Tlf. 56529100



Sponsor for FBK Voss



Voss herad

Kulturarbeid

Notat

Til	Heradsstyret
Kopi til	
Vår ref.	23/1255-2
Sakshandsamar	Nils Helge Kvamme
Dato	14.03.2023

Vurdering av alternative innfyll i kunstgrasbanar

Det kjem i dag stadig nye typar innfyll som skal kunna erstatta gummigranulatet, men desse er ikkje testa over tid og i alle typar klima. Slik det vert vurdert er det tre mogelege løysingar på dette.

1. Ei løysing er å gå for to banar med meir miljøvennleg innfyll. Det verkar til at nokre av dei meir miljøvennlege innfylla fungerer gjennom kulde, og at det vil vera mogeleg å nytta desse vinterstid. Kostnaden ved å gå for meir miljøvennlege innfyll er berekna til mellom 500.000,- og 1 million per bane.
2. Ei anna løysing for det aktuelle prosjektet i Prestegardsmoen er å testa ut ein type på den eine banen og gå for gummigranulat på den andre. På den måten vil ein kunna testa ut korleis ein type meir miljøvennleg innfyll fungerer, samstundes som ein har tryggleiken på at ein av banane vil vera spelbar året rundt med dei rette driftsrutinane.
3. Ei tredje løysing er å leggja gummigranulat på begge banane som tidlegare.

Dersom det vert valt løysingar som ikkje er testa ut over tid, kan det verta aktuelt at banane må rehabiliterast/skifta ut innfyll dersom dette viser seg å ikkje fungera. Heradet må vera budd på å ta denne meirkostnaden.

Voss, 15.03.2023
Arild M. Steine
Rådmann



Kiwibanen



Fra: Torgils Bryn <torgils.bryn@magnuslegal.no>
Sendt: fredag 6. oktober 2023 13:02
Til: Nils Helge F. Kvamme <Nils.F.Kvamme@voss.herad.no>
Kopi: Hallgeir Finbråten <Hallgeir@fbkvoss.no>; Jon Roti <jon.roti@nettpartner.no>; Roger Hovland <roger@vossk.no>; egil.selvag <egil.selvag@gmail.com>; Arild Rogde <Arild.Rogde@accountor.no>
Emne: Driftsavtale Olabanen og Kiwibanen

Voss herad

Att Nils Helge Kvamme

Det blir vist til møte den 20. juni 2023 der det vart diskutert avtale om dekning av meirkostnader ved drift av Olabanen og Kiwibanen etter omlegging til Bioflex.

Det vart avtalt av Voss herad skulle kome opp med utkast til avtale, men etter ynskje frå Voss herad i ettertid så skulle Voss Fotball AS kome med utkast til avtale.

Vedlagt fylgjer utkast til avtale. Då drift av banen er godt i gang hastar det med å koma til semje om denne driftsavtalen.

Høyrer frå deg

Ha ei god helg.

For Voss Fotball AS

Torgils Bryn
styreleiar

Driftsavtale Olabanen og Kiwibanen

Mellom

Voss Fotball AS som driftsansvarleg

og

Voss herad som ansvarleg for meirkostnader

er det inngått avtale på drift av Olabanen og Kiwibanen i Prestegardsmoen Sentralidrettsanlegg som fylgjer:

1. Bakgrunn for avtalen

Kiwibanen og Olabanen ("Banane") vart øydelagt av flaum hausten 2022. Banane var forsikra gjennom naturskadefondet, og Voss Fotball AS som baneiegar var skadeslause ved gjenoppbygging av Banane.

Som vilkår for at Banane skulle gjenoppbyggast bestemte Voss herad som grunneigar at Banane skulle hevast med høvesvis 1,1 meter for Olabanen og 0,5 meter for Kiwibanen. Voss herad har dekkast kostnader med heving av Banane med totalt kr 5 mill eks mva.

Det vart vidare bestemt at banedekket ikkje skulle ha gummigranulat som fyllmateriale, men at nytt fyllmateriale skulle vera Bioflex, altså såkalla "cota" sand.

Partane er samde om at drift av ein Bioflexbane krev vatning, salting og dekomprimering og at dette er ein meirkostnad ("Meirkostnaden") i høve til drift av gummigranulatbane.

Denne Meirkostnaden skal dekkast av Voss herad, og denne avtale skal regulera betaling av Meirkostnaden.

Avtalen er purra på i ettertid,
men ikkje signert av Voss
Herad

Kiwibanen



**Voss herad**

Kommunaldeling Kultur og Fritid

Fotballklubben Voss
Postboks 60
5701 Voss

Dykkar ref. Vår ref. Dato
 24/163 - 1 05.01.2024

Referat frå møte om sentralidrettsanlegget, 05.01.2024

Tilstades: Torgils Bryn, styreleiar Voss fotball AS og Voss Idrottsbus AS, Roger Hovland, styreleiar FBK Voss, Arild Rogde, økonomiansvarleg Voss fotball og Voss idrottsbus AS, Hallgeir Finbråten, dagleg leiar FBK Voss, Tore Tvilde, styreleiar Voss idrottslag (i sak 1 og 2).

Frå adm: Trude Storheim, kommunalsjef kultur og fritid. Nils Helge Kvamme, rådgjevar kultur og fritid, Haakon Innset, Leiar Bygg og eigedom.

Bakgrunn for møte:
Voss fotball og Voss IL hadde bedt om møte med bakgrunn i at Sentralidrettsanlegg i Prestegardsmoen er om lag ferdig, og idretten ynskjer ei snarleg løysing på nokre forhold knytt til Voss herad.

Sak 1. Voss idrottsbus AS:

- Frådeling av grunn, ny festekontrakt og tinglysing.**
Heradet har sendt avtale som gjeld for 30 år, den ligg hjå Voss fotball. Idretten ynskjer ein avtale på 99 år, minimum må det vera eit punkt om fornying av avtalen.
- Tilknytingsavgifter Vatn og avlaup til Voss herad, Kva er bidraget til huset frå heradet?**
Voss fotball og Voss IL ber om unntak av avgift knytt til ny tilknytning av vatn og avlaup når idrettshuset vart flytta. Dei meiner det er urimeleg at dei må betale kostnaden på 77 000 til kommunen når dei måtte flytta. Det bør vera eit unntak i avgiftsregulativet?

Det er kome inkassokrav frå Kreditor til idrettshuset. Tore Tvilde har sendt brev til heradet der dei ber om at inkassokravet vert trekt tilbake. Han har òg hatt telefonkontakt med nokon i heradet om at dette skulle gjerast. Tvilde har òg sendt søknad til heradet om å få dekkja kostnaden til tilknytingsavgifta.

Voss herad
Ultrågata 9
5701 Voss

Tlf: 56 51 94 00
postmottak@voss.herad.no

Føretaksregisteret:
960510542

**VOS2**
bygd for alle

Voss fotball har sendt forslag til driftsavtale som dei ynskjer attendemelding på, heradet ynskjer at ein ventar 1 år og ser kva erfaring ein gjer seg. Salting av Ola-banen er det grøn etat som gjer per no og den ekstrakostnaden tek heradet.

- Vatning av anlegget.**
Det er viktig med vatning av anlegget, det må på plass slanger og kanonar for å halda banane ved like. Heradet skal laga eigen brønn som skal dekkja behovet til begge banane. Heradet vil bora djupare i den eksisterande brønnen og dette vert utført innan kort tid. Det skal etablerast ein pumpebrønn ved gras 2 sida slik at det er lett å få tilgang til vatn til begge banane og idretten skal lett kunna handtera på kopling til vatn. Voss fotball undersøker kva vatningsutstyr/kostnad på det dei treng.
- Salting av Kiwi banen.**
Voss fotball ynskjer å utvida drift av sesongen, fram til snøen kjem. Voss fotball ber om at heradet leiger inn hydrogeolog for å gjera ei berekning for Kiwi-banen. Voss herad undersøker kva kostnad dette vil ha og kjem attende.
- Brøyting av Olabanen**
Snøen vert lagt langs kantane av banane og det er behov for å fresa vekk snøen frå Ola-banen. Vaktmeisteren til fotballklubben ynskjer å fresa ut av banen, men det kan verta spor av bioflex sand i snømassane. Dei ynskjer å leggja snøen på skulderen ned mot ola-banen, men det ligg i forureiningsforskrifta at snøen skal samlast opp i snødeponi og at den skal fjernast. Einaste moglegheita er å fresa snøen ned til kiwi-banen som har same dekket. Voss fotball noterer seg erfaringar ein får i år, før ein legg ein plan for komande år.
- Tilkomst med traktor.**
Voss fotball ynskjer lettare tilkomst til Olabanen med traktor. Heradet ynskja å ta vare på trea, så planen vart endra. Behovet for å tilkomst til Olabanen vert teke med i vidare arbeid.
- Trapp til idrettstorget**
Denne vil avgrensa tilkomsten. Er det råd å gjera noko med reguleringsplanen for å få dette gjort meir hensiktsmessig? Dette er ein diskusjon i heradet som ikkje er landa, her er mange omsyn å ta med tanke på tilgjengelegheit, estetikk osv.
- Lysanlegget**
Lysanlegget er LED-lys-system som reduserer straumkostnadane som Voss herad betalar. Voss fotball søkte heradet om 200 000 kr i ENØK-midlar til det nye lysanlegget, og fekk løysing på 100 000. Voss fotball ynskjer at heradet tek ein større del av kostnaden ved investeringa av lysanlegget, men her må Voss fotball som alle søka om midlar som er tilgjengelege.

Heradet syner til vedtaket frå heradsstyret 16.03.2023 der det i samband med heving av kunstgrasbanane skulle nyttast miljøvenleg banedekke og eksisterande ureining på og utanfor banane skulle samlast opp og fjernast. Kvar står denne saka? Voss fotball fylgjer opp dette våren 2024.

Postboks 268	5702	Voss
Postboks 268	5702	Voss
Postboks 327	5702	Voss

Vatningsannlegg



- Med pop-up sprinkler
- 4-8 bar ut gir 34-54m rekkevidde
- 26-69 m³/h
- Ca 5m³ pr omgang med 8 dyser. 1 minutt per dyse.



Da følges sats for vannforbruk.

- Velutprøvd med bra tilbakemeldinger




Dei siste åra ser me skader som me ikkje har sett på mange år

- Beinhinnebetennelse
- Brannsår og andre sårskader
- Trøtthetsbrudd
- Slitasje på tyngre spelare

Merikostnad

- Fråfall
- Vestlandshallen ca kr 50.000
- Voss Gymnas Ca kr 25.000
- Reisetid trenere
- Kjøring E16
- Kjemikalier



VP3-anlegg levert av VVS Comfort i Norge

- ✓ Intility Arena (Oslo)
- ✓ Arena Nord (Bergen)
- ✓ Lerkendal Stadion (Trondheim)
- ✓ Ekeberg Kunstgress (NFF Oslo)
- ✓ Kringsjø Kunstgress (Lyn)
- ✓ Myrdal Stadion (Ulset)
- ✓ ...og flere andre



Største «kostnaden» er
det store frafallet og
manglende aktivitet.
148 ungdommer med
utenlandsk opprinnelse
i FBK Voss i 2025.
Hvor er de i November-
Mars?



Fotballhall

